



RADØY KOMMUNE

NOTAT

fr

Dok. ref.

13/389-9/GBNR-64/4, gbnr-64/32, gbnr-64/35,
gbnr-64/57//ØHA

Dato:

Manger: 28.01.2014

Uttale Landbrukskontoret

Viser til søknad om bruksendring og forlenging av landbruksveg på gnr/bnr 64/4 i Radøy kommune. Vegen er bygd som landbruksveg for å gje tilgang til mellom anna slåtteareal. Den vert også nytta av hytteeigarar som tilkomstsvog. Det vil ikkje vera noko problem for landbruket at hytteeigarane får bruksrett i vegen så lenge landbrukseigedommen står som eigar av vegen. Det må leggast til rette så ein ikkje hindrar landbrukstrafikk på vegen.

Forlenginga av vegen skjer i område som er regulert som anna enn LNF, men går over eit stykkje som er dyrkamark i drift. Dyrka eller dyrkbar mark skal ikkje nyttast til føremål som ikkje tek sikte på landbruksproduksjon jf. Jordlova § 9. Det er ikkje hensiktsmessig at vegen deler ein jordteig i to, men det ser ut som det er eit av forslaga der minst jord går tapt. Det bør settast som krav for vegbygginga at minst mogleg jordbruksareal går tapt, og at vegen skal byggast slika at det kan slåast heilt inntil vegen.

Øyvind Hatleli
spesialkonsulent



RADØY Postadr:
den grønne øya

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Telefon:

56 34 90 00

Telefaks:

56 34 90 01

E post:

postmottak@radoy.kommune.no

Webside:

www.radoy.kommune.no

Bankgiro:

3636.07.00776

Org.nr:

954 748 634